



## Notat

Dato: 27.01.2017  
Arkivsak: 2014/278-41  
Saksbehandlar: stiolse

---

Til: Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Snøggbåtruta Askøy-Bergen – Større kapasitet på kort sikt**

Skyss har i dag kontrakt med Norled AS om drift av snøggbåtruta mellom Kleppestø og Strandkaien. Kontrakten starta opp 01.01.15 og gjeld fram til 31.12.17. Kontrakten inneheld ein opsjon for oppdragsgjevar å forlenge kontrakten med 1 + 1 + 1 år. Opsjon er ikkje utløyst og konkurranse om ny kontrakt, som også omfattar snøggbåtruta mellom Bergen og Nordhordland, er utlyst på Doffin.

I samband med førebuing av konkurranseutsetting av dagens kontrakt vart det beslutta å flytte anløpsstad på Bergenssida frå Nøstet til Strandkaien. Ettersom ein ikkje hadde erfaringsstal å byggje på var det knytt usikkerheit til kor stor passasjerauke denne endringa ville resultere i. Etter føregåande analysar vart det konkludert med å stille krav om at fartøyet skulle ha ein kapasitet på 195 passasjerar. Det avtalte fartøyet i kontrakten er MS Teisten som har passasjerkapasitet i tråd med dette kravet.

Det siste året har det vist seg at det på nokre avgangar er store utfordringar med kapasiteten på dagens fartøy, noko som har medført attståande passasjerar. I den nye kontrakten for sambandet som skal i drift frå 01.01.18 er det på denne bakgrunn stilt krav om auka passasjerkapasitet.

På bakgrunn om ønske om auke kapasiteten på kort sikt har Skyss blitt utfordra på å gjere endringar innanfor dagens kontrakt. Skyss har stilt seg negativ til dette då ein har vurdert at det er ein betydeleg anskaffelsesjuridisk risiko knytt til endring av eit slikt omfang (vesentleg endring som inneber risiko for å bli vurdert som ulovleg direkteanskaffingar).

01.01.17 vart ny forskrift om offentlege anskaffingar sett i kraft. I motsetning til tidligare forskrift regulerer denne forskriften adgangen til å gjere endringar i eksisterande kontrakt.

Overgangsregelen i den nye forskriftena har følgjande ordlyd:

*«Forskriften gjelder anskaffelser iverksatt etter forskriftens ikrafttredelse. En anskaffelse er iverksatt når den er kunngjort. En anskaffelse som ikke kunngjøres, er iverksatt når oppdragsgiveren har sendt ut en forespørsel til en eller flere leverandører om å melde sin interesse eller inngi tilbud i forbindelse med en planlagt anskaffelse».*

Ei bestilling av større båt på sambandet Kleppestø-Strandkaien vil vere ein tilleggsanskaffelse iverksett frå det tidspunkt det vert retta ein formell førespurnad til Norled om at ein ønskjer større båt. Ein slik førespurnad vil såleis måtte vurderast etter ny forskrift ettersom den no er sett i kraft.

Den nye regelen i forskrifa § 28-1 bokstav d fastslår at følgjande endringar er lovlege:

*«...endringer som er nødvendige som følge av omstendigheter som en akt som oppdragsgiver ikke kunne forutse. Dette gjelder bare når*

1. *anskaffelsens overordnede karakter ikke blir endret; og*
2. *prisøkningen ikke overstiger 50 prosent av den opprinnelige kontraktsverdien. Dersom det foretas flere endringer etter hverandre gjelder denne begrensningen for hver enkelt endring. Slike endringer må ikke foretas for å omgå forskriften.*

Etter Skyss si vurdering vil tinging av større fartøy innanfor dagens kontrakt kunne lovleg gjennomførast i samsvar med denne regelen. Skyss har vore i dialog med Norled som har opplyst at MS Teisten kan erstattast med MS Ekspressen som har ein kapasitet på 296 passasjerar. Det er vidare opplyst kostnadene ved eit slikt fartøybyte vil ligge på om lag 2,5 MNOK og at det vil ta om lag fire veker frå bestilling til fartøyet er i drift.

Skyss vurderer at Askøy-Bergen sambandet er eit prioritert samband. For å oppretthalde eit attraktivt kollektivtilbod for dei arbeidsreisande som er busett på Askøy vil Skyss no gå i dialog med Norled om å få gjennomført bytte av fartøy.

Meirkostnadene ved tiltaket vert finansiert gjennom bruk av belønningsmidlar avsett til styrking av rutetilbodet i inneverande budsjett.